



Trubadur rett frå Tenerife: Michael Graham

Skaldyrkveldane har toppa ein framifrå sesong på Systrene Nilsen og hvis vi ikkje har mista rekninga har det til no vore 6 fulle hus. Fullt har det også vore i kveld og faktisk med nesten berre uskedelingar i lokalet. Ein av dei var Røssland, den tidlegare eigaren av Vertshuset. Ein spesiell spiss på arrangementet vart sett av ein dyktig trubadur frå Tenerife som også vert å høyra fredag og laurdag.



[Stemningsfullt ved sjøkanten i Uskedalen](#)

Han er opprinneleg irsk, heiter Michael Graham, og repertoarvalet er naturleg nok prega av bakgrunnen hans. Men han har openberra seg som ein allsidig songar med både klasiske balladar, country og rock på programmet.

Graham fekk god og tett kontakt med publikum heilt frå første låt i kveld. Han har no livnært seg som trubadur i 20 år på den største av Kanariøyane og ein kan godt forstå at han er kåra til den beste røysta på øya.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen